

INTERJEKSJONAR

1

Set inn småord som passar.

På 17. mai går alle i tog og ropar hipp, hipp hurra!

No må eg gå. Ha det!.

Hallo! Dette er Carmen Gonzales som ringjer. Kan eg få snakke med legen?

God morgon! Korleis går det?

Au! Det gjer så vondt i tennene mine.

Jippi! No vart eg glad!

Æsj! "Eg liker ikkje tran", seier vesle Per på tre år.

2

Svar med *ja, jau* eller *nei*. Skriv heile setningar.

Snakkar du engelsk?	<u>Ja</u> , det gjer eg.
Snakkar du ikkje norsk?	<u>Jau</u> , det gjer eg.
Har du med barna dine?	<u>Nei</u> , det har eg ikkje.
Har du ikkje gjort leksene?	<u>Jau</u> , det har eg.
Har du gløymt boka di?	<u>Nei</u> , det har eg ikkje.
Kjem du ikkje snart?	<u>Jau</u> , eg kjem.
Drikk du ikkje kakao?	<u>Jau</u> , det gjer eg.
Forstår du?	<u>Nei</u> , det gjer eg ikkje.
Kjem du i kveld?	<u>Nei</u> , det gjer eg ikkje.
Kjem du ikkje i kveld?	<u>Jau</u> , det gjer eg.
Er det ikkje middag snart?	<u>Jau</u> , det er det.
Skal vi ikkje ha kjøt til middag?	<u>Nei</u> , det skal vi ikkje.
Skal vi ha fisk også?	<u>Ja</u> , det skal vi.
Skal vi ha is til dessert?	<u>Nei</u> , det skal vi ikkje.
Er det ingen andre som kjem?	<u>Jau</u> , det er det.
Kjem tante og onkel?	<u>Ja</u> , det gjer dei.
Kari kjem vel ikkje?	<u>Jau</u> , det gjer ho.
Skal du på kino i morgon?	<u>Nei</u> , det skal eg ikkje.
Skal du ikkje på kino i kveld?	<u>Jau</u> , det skal eg.

